

Samordna asfaltering bør skje**06.06.2015**

Snart kjem ny asfalt på denne strekningen

Møyfrid Kristoffersen, som bur øverst i dalen, har fått kjennskap til at vegvesenet snarleg skal legge ny asfalt på sin veg oppover dalen. Ho spør kommunen når dei øverste 900 metrane av dalavegen sist var asfaltert og siktar då til den kommunale vegen frå enden av fylkesvegen og til Friheim.

Ho spør kommunen om det hadde vore mogleg om å få til eit samarbeid om desse 900 metrane når dei no likevel skal ha på plass utstyr med meir.



- men det trengs det også her...!

Møyfrid skriv at denne enden av dalen mest ikkje er køyrande for vanlege bilar lenger så det bør uansett skje at den blir sett i betre stand.

Vegvesenet skal asfaltera på strekningen frå Haugland og innover fra 6. til 12. juni og då må ein vera budd på trafikkstans i ein halvtime i løpet dagen. Det går fram av plakatar som no er på plass.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen